



## Møteprotokoll

**Utval:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

**Møtestad:** Vang

**Dato:** 13.09.2022

**Tidspunkt:** 09:30 - 12:30

### Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leder	VANG
Marit Sletten	Nestleder	LOM
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Turi Elise Kaus	Medlem	IFK
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ
Hilmar Høl	Medlem	ÅRDAL

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Medlem	LUSTER

### Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Merknader:

Verken fast medlem eller vararepresentant frå Luster kunne møte.

### Andre frammøtte:

Namn

Eldrid Nedrelo, forvaltar

Kari Sveen, forvaltar

Rigmor Solem, SNO

### Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Leif Solemsli (sign.)

Trude Brosvik (sign.)

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 34/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 35/2022	Referatsaker		
RS	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Rammeløyve - Årdal kommune		2022/6603
RS	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Dispensasjon etter pbl §19-1 om etablering av utsiktspunkt Vettisfossen		2022/6603
RS	Utsiktspunkt Vettisfossen - Søknad om midlar til restaurering av natur - revegetering		2022/8321
RS	Høring - Regional plan for det inkluderende Innlandet 2023 - 2023 ( 2030 )		2021/4060
RS	Rapport Bessegløpet 2022		2020/1332
RS	Breardeologien - sesongen 2022		2020/7407
RS	Underretning - Jotunheimen NP - ulovleg dronefilming i Hurrungane - melding til politiet om brot på verneforskrifta	X	2022/4260
ST 36/2022	Delegerte vedtak		
26/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 Uttransport Vettismorki i samband med helikoptertransport for bru over Stølsmaradøla - DNT Oslo og Omegn		2022/6259
27/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 - Motorferdsel - Helikoptertransport for oppføring av ny bru i Stølsmaradalen - DNT Oslo og Omegn		2022/6259
28/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2022 - 2024 - Bruk av drone for kartlegging ved Bøverbrean - Institute of Photogrammetry & Remote Sensing Chair of Photogrammetry		2022/5224
29/2022	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Endring av vedtak - 2022 - Merking og gjennomføring av konkurranseløp - Raid des Trolls en Norvège - Raids & Adventure v/Paul Vilcot		2022/3317
30/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2022 - Helikoptertransport til Fannaråken - Materialer til ny utedo		2019/8199
31/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel i samband med opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Memurubu Turisthytte v/ Kleppconsult AS		2022/8081
32/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport i		2022/8362

	samband med arbeid Gravdalsdammen - Hydro Energi AS	
33/2022	Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - transport til Glitterheim - Harald B. Gløersen	2022/6992
34/2022	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel – Frakt av materialar og utstyr til Fremre Hjelledalen – Terje Hetle	2022/8550
35/2022	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - transport i samband med reparasjon av tak på gjetarbu - Russdalen Beitelag	2022/6991
36/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022-23 - barmark - Gravearbeid og vedlikehold ved Glitterheim Turisthytte - DNT Oslo og Omegn	2022/7906
37/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Transport i samband skadefelling jerv - Vågå kommune	2022/7884
ST 37/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Riving og bygging av ny fjellstyrehytte i Storådalen - Lom fjellstyre	2022/8417
ST 38/2022	Eventuelt	

## **ST 34/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.09.2022**

#### **Behandling**

Framlegg på Trude Brosvik til å signera protokollen saman med styreleiar. Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden godkjent. Trude Brosvik vart vald til å signera protokollen saman med styreleiar.

## **ST 35/2022 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.09.2022**

#### **Behandling**

#### **RS - 22/22 Utsiktspunkt Vettisfossen - Søknad om midlar til restaurering av natur - revegetering**

I juli 2022 mottok statsforvaltarane og nasjonalparkforvaltarane e-post frå Miljødirektoratet om invitasjon til å melde inn behov for supplerande tildeling til restaurering av natur innan 25. august. Forvaltarane såg at delprosjekt med formål å revegetere området som er sterkt prega av slitasje på juvkanten ved Vettisfossen fall under postformålet for post 1420.38 i tråd med utlysinga.

Tiltak med betre styring av ferdsle og revegetering vil vere positivt av omsyn til den gamle furuskogen i området. Kombinert med tenestekjøp har lokalt SNO i Jotunheimen v/Rigmor Solem ledig kapasitet til å prioritere arbeid med revegetering langs juvkanten ved Vettisfossen i september og oktober 2022. Utanom eige arbeid er behovet estimert til to månadsverk inkl. reise, kost og losji + uføresett.

Sjølve byggearbeidet på utsiktspunktet ved Vettisfossen er godt i gang. Arbeidet starta som planlagt den 17. august og framdrifta følgjer framdriftsplanen. Det har vore halde tre byggemøte til no med byggeleiar på staden, forvaltarane har delteke på to av dei. Ved bruk av helikopter knytt til arbeidet blir grunneigarar og naboar til landingsstaden i Hagøynti varsla på førehand kvar gong. Det er elles tett dialog mellom både byggherre, prosjekterande, byggeleiar og forvaltarane og naudsynte avklaringar vert tekne fortløpande.

#### **RS - 26/22 Underretning - Jotunheimen NP - ulovleg dronofilming i Hurrungane - melding til politiet om brot på verneforskrifta**

Vedkomande som vart meld til politiet for brot på verneforskrifta for ulovleg dronofilming i april i år, har vedteke eit førelegg på bot. Tidlegare har slike førelegg vore mellom 5000,- kr. og 10 000,-.

## **Tilleggssak - RS - Lom kommune - Arealdel til kommuneplanen - 2021-2030**

Nasjonalparkstyret gav hausten 2021 uttale til kommuneplanens arealdel i Lom. I uttalen la nasjonalparkstyret til grunn at turisthyttene som ligg inne i verneområdet (Glitterheim, Memurubu og Gjendebu) berre skal visast med symbol og namn på kommuneplankartet, og ikkje med større areal avsett til fritids- og turistformål. Nasjonalparkstyret grunngav dette med at det å vise enkelte område som næringsareal for turisme gjev eit uheldig signal, og kan medverke til å svekke vernestatusen og forståinga av verneforskrifta. Ved andre gongs høyring av kommuneplanen har kommunen gjort justeringar slik at områda rundt turisthyttene i nasjonalparken er vist som LNFR-område med bandlegging etter naturmangfaldlova. Merknaden frå nasjonalparkstyret er dermed imøtekomen.

### **Vedtak**

Etter gjennomgang vart referatsakene tekne til orientering.

## **ST 36/2022 Delegerte vedtak**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.09.2022**

#### **Behandling**

**DS 26/22 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 - Uttransport Vettismorki i samband med helikoptertransport for bru over Stølsmaradøla - DNT Oslo og Omegn og**

**DS 27/22 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 - Motorferdsel - Helikoptertransport for oppføring av ny bru i Stølsmaradalen - DNT Oslo og Omegn.**

DNT Oslo og Omegn fekk i DS 26/22 dispensasjon for bruk av helikopter til uttransport av utstyr og restar etter avslutta byggearbeid ved Storeselet og Nye Fjosen på Vettismorki. Dispensasjonen var eit tillegg til, transportløyvet for bruk av helikopter ved Sølsmaradalen, og dei to oppdraga skulle i størst mogleg grad samordnast. Det var bl.a. sett vilkår om at innflyging skulle skje frå Fv.55 i nord og at lågtflyging over gjelet i Utladalen skal unngåast i størst mogleg grad, av omsyn til fuglelivet. Vidare var det i DS 27/22 sett vilkår om at inn- og utflyging skulle skje frå Sletterust i aust, eller frå parkeringsplass ved Fv. 55 i nord. I dette tilfellet skjedde utflyginga i Utladalen, og det var grunngjeven med vegstenging mellom Årdal og Tyin på grunn av ras.

**DS 34/22 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - Frakt av materialar og utstyr til Fremre Hjelledalen - Terje Hetle**  
Forvaltar refererte kort til saka.

### **Vedtak**

Delegerte saker vart teke til orientering.

# ST 37/2022 Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Riving og bygging av ny fjellstyrehytte i Storådalen - Lom fjellstyre

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel § 3 pkt 1.3 h) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon til Lom fjellstyre for riving av den gamle fjellstyrehytta i Storådalen og oppføring av ny bu på same plassen.

Vilkår for løyvet:

1. Nybygget blir oppført på same tomt som den gamle, og får same storleik som eksisterande fjellstyrehytte – 5,15 m x 3,70 m – grunnflate 19 m<sup>2</sup>
2. I tilknytning til hytta blir det gjeve løyve til oppføring av ny utedo på 3 m<sup>2</sup> (1,5 x 2 m).
3. Fjellstyrehytta skal utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk, med farge og materialval for at ho skal gå mest mogleg i eitt med landskapet - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd. Fargen skal vera naturfarge i den mørke og varme delen av fargeskalaen. Takmateriale er takplater med mørk og matt overflate. Innsendt byggeteikning synest å tilfredsstillende krav til byggestil.
4. Fjellstyret er ansvarlege for vedlikehald av hytta.
5. Eksisterande hytte og utedo skal rivast og fraktast ut av verneområdet.
6. Etter bygging skal alle bygningsmaterialar som er til overs ryddast og transporterast bort frå området, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Byggesøknaden skal også behandlast av Lom kommune som myndigheit etter plan- og bygningslova.

Som grunnlag for behandling av dispensasjon for motorferdsel, må Lom fjellstyre utarbeide ein transportplan som viser planlagt bruk av helikopter for intransport av bygningsmaterialar og utstyr og utfrakting av rivingsmateriale og restar etter nybygget, og plan for bruk av snøskuter for transport av mannskap og utstyr som trengst til byggearbeidet. Planen skal ha vekt på best mogleg utnytting av kapasiteten, for å unngå unødig motorferdsel innan verneområdet. Detaljert søknad om dispensasjon for motorferdsel i samband med bygginga må sendast til nasjonalparkforvaltninga og kommunen i god tid. Nasjonalparkforvaltar får delegert myndigheit til å godkjenne transportplanen på vegne av styret.

--- slutt på innstilling ---

## Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.09.2022

### Behandling

Samrøystes.

## Vedtak

Som innstillinga.

## ST 38/2022 Eventuelt

### Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.09.2022

#### Behandling

**Saker som vart teke opp og gjennomgått for orientering og diskusjon under eventuelt:**

**1. El-sykkel på Vettisvegen**

Hilmar Høl (Årdal kommune) ønskjer at Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tek opp spørsmålet om bruk av el-sykkel på Vettisvegen til ny vurdering. Nasjonalparkstyret vil ta opp spørsmålet om bruk av el-sykkel på Vettisvegen på nytt, jf. sak 37/2019.

**2. Behov for basestasjonar for sikringsradio**

Harald Sve Bjørndal (Vågå kommune) ønskjer å diskutere løysingar for lokalisering av basestasjonar for sikringsradio (radiosamband). Opplever problem med samband og lange avstandar ved jakt for skadefelling av jerv. Det er ønskje om å kunne plassere nødvendige installasjonar for samband innanfor verneområda. Den tekniske utviklinga går fort og slike installasjonar vil vere viktige for beitenæringa. Ved evt. utviding av nasjonalparken vil det kunne bli endå vanskelegare å finne alternative plasseringar utanom verneområda. Forvaltar opplyste om at det i samband med utbygging av nødnettet vart gjeve eigne "Retningslinjer ved behandling av søknader om utbygging av nødnett i verneområdene" datert 14.11.2012. Det har skjedd ein del på dei ti åra sidan desse retningslinjene kom, slik at det kan vera grunnlag for å diskutere samband sett ut frå dagens utfordringar. Kan det vere ei moglegheit å få til noko som ikkje er permanent (mellombels innretning)? Det er semje om at det vil vera nyttig å få i stand eit kontaktmøte mellom kommunen, næringa og forvaltinga for aktuelle verneområde.

**3. Sikre god overgang i samband med ny medarbeidar i SNO frå hausten 2023.**

Rigmor Solem har varsla at ho kjem til å gå av med pensjon i 2023. Då vil det vere viktig å unngå vakanse i stillinga. Nasjonalparkstyret ønskjer å følgje opp saka.

**4. Behov for informasjonsmedarbeidarar i forvaltinga av dei store verneområda (nasjonalparker og landskapsvernområde)**

Det er eit sterkt behov for, og ønskje om at forvaltinga kan vere proaktiv når det gjeld informasjon i verneområda, også på sosiale media. Det er eit klart behov for ekstra ressursar for å kunne oppnå dette.

Det har stor tyding både kva ein informerer om og korleis. Bør ikkje legge vekt på forbod, men å ønskje "velkommen inn".

Forvaltar førebur sak til neste møte. Aktuelt å samarbeide med Norsk Fjellsenter, Reinheimen, Breheimen, Langsua. Trude Brosvik kom med innspel om at eit slikt samarbeid også kan vera aktuelt med Jostedalsbreen nasjonalpark.

**5. Lysline og telefonline innover til Vetti i Utladalen**

SNO peika på at telefonlina innover til Vetti i Utladalen ikkje lenger er i bruk. Den gamle

telefonlina frå Eidsbugarden til Gjendebru vart fjerna, men det ligg att noko restar. Det bør sendast ei henvending til Telenor om at lina i Utladalen og restane mellom Eidsbugarden og Gjendebru må fjernast. Forvaltar orienterte om at tilsvarande gjeld ei gamal sikringshytte på Austre Memurubreen i Lom. Her bør det sendast ei henvending til NVE om fjerning.

## **Vedtak**

1. **El-sykkel på Vettisvegen**  
Nasjonalparkstyret tek opp saka om bruk av el-sykkel på Vettisvegen i styremøte den 15. november.
2. **Behov for basestasjonar for sikringsradio**  
Ordføraren i Vågå tek initiativ til felles henvending for å få i stand eit kontaktmøte mellom saueneæringa, rovviltforvaltinga og forvaltinga for aktuelle verneområde.
3. **Sikre god overgang i samband med ny medarbeidar i SNO frå hausten 2023.**  
Nasjonalparkstyret følgjer opp saka i neste styremøte den 15. november.
4. **Behov for informasjonsmedarbeidarar i forvaltinga av dei store verneområda (nasjonalparkar og landskapsvernområde)**  
Forvaltar førebur sak til neste styremøte.
5. **Lysline og telefonline innover til Vetti i Utladalen**  
Forvaltarane førebur saker til neste styremøte.